

Lokal mobilisering mot doping - Rapport 2018/2019.

Bakgrunn

Antidoping Norge (ADNO) er ei uavhengig stifting oppretta av Norges Idrettsforbund og Kultur- og kyrkjedepartementet 3. juni 2003. ADNO jobbar for ein rein idrett og eit dopingfritt samfunn. Samarbeidsmodellen *lokal mobilisering mot doping* er tilknytt stiftinga, avdeling for førebygging og folkehelse. I regional kulturplan for Hordaland, 2015-2025 (kap.37 Idrett, s.97) understrekast det at doping er eit område det vert satsa på:
«*Utfordringar knytt til doping har fått ekstra fokus gjennom eit samarbeid med fylkeskommunen knytt mot dei vidaregåande skulane i fylket*». Viktigheita av arbeidet støttast også av Meld.st 19 Folkehelsemeldinga (2018-2019). ADNO og Hordaland fylkeskommune (HFK) har samarbeidd om ei førebyggande mobilisering mot doping i to tidlegare periodar, 2014-2015 og 2016-2018. Denne kortfatta rapporten tek for seg aktiviteten som er gjort på vidaregåande skular i Hordaland gjennom skuleåret 2018 – 2019. I tillegg nemnast andre sentrale forebyggings tiltak som har vorte gjennomført innverande år.

Føremålet med samarbeidet *lokal mobilisering mot doping*, har vore å gje unge menneske føresetnader for å ta avstand frå dopingbruk, og sjølv kunne handtera risikofaktorar for dopingbruk, og såleis redusera dei fysiske-, psykiske- og samfunnsmessige konsekvensane som følgje av dopingbruk blant ungdom. Samstundes har fokuset vore at fagleg tilsette ved vidaregåande skular i Hordaland skal ha fått auka kunnskap om doping og tilhøyrande problematikk, og vite kor dei kan venda seg for å få hjelp/behandling og meir informasjon.

Aktivitet skuleåret 2018-2019

Elevføredraga er forankra i gjeldande kompetanse mål i ei rekke fag. På den måten integrerast doping i undervisinga, og vert såleis ein del av den eksisterande undervisinga. Føredraga har ei varighet på 2 x 45 min, og er sett saman av både case, gruppe og dialogbasert undervising. Tilbodet om undervisinga går ut til alle skulane og er kostnadsfritt, og innverande skuleår har det vore eit ekstra fokus på dei yrkesfaglege studieretningane. Nedanfor er all aktivitet kvantifisert opp til dei vidaregåande skulane i Hordaland i skuleåret 2018-2019:

| | |
|-----------------------------------|-----------------|
| Skular besøkt | 15 av 35 |
| Elevføredrag | 38 |
| Kompetansehevande føredrag | 16 |
| Tal på tilhøyrarar | 2580 |

Tilbakemelding frå tilhøyrarar

I etterkant av foredraga får tilhøyrarane moglegheit til å svare på ei kort elektronisk spørjeundersøking via mobil, vedrørande korleis dei oppfatta føredragshaldar og innhaldet i føredraget. Oppslutning viser at tema er noko som engasjerer, godt over 90% svarar i positiv retning.

| Spørsmål | Einig/heilt einig | Verken eller | Ueinig/heilt ueinig |
|--|-------------------|--------------|---------------------|
| Føredragshaldar opplevast som fagleg kompetent | 95 % | 1 % | 4 % |
| Føredragshaldar var god til å formidle stoffet | 97 % | 2 % | 1 % |
| Det var lett å forstå innhaldet i føredraget | 96 % | 2 % | 2 % |
| Alt i alt var det eit nyttig føredrag | 91 % | 8 % | 1% |

*Data henta frå Survey-xact

Kompetanseheving

For å skape systematikk i det førebyggjande arbeidet har det vore viktig å nå ut til aktuelle yrkesgrupper som er i kontakt med ungdom. På den måten sikrar ein at yrkesgrupper kan vidareføra det førebyggjande arbeidet og er bevisst på teikn og symptom knytt opp til dopingbruk, og at dei veit korleis dei skal agera ved bekymringsmeldingar.

Fylkeskoordinator har derfor gjennomført kompetansehevande foredrag for ei rekke yrkesgrupper i dei vidaregåande skulane, blant anna for lærarar, elevtenesta, helsejukepleiarar og miljøarbeidara.

Hausten 2019 vert også den første sertifiseringa av ein *rein skule* gjennomført i Hordaland. Slåtthaug vidaregåande skule har valt å implementere førebyggjande antidopingarbeid i ei rekke fag, på den måten vert det førebyggjande arbeidet implementert i den daglege undervisninga. Det er eit positivt signal til arbeidet som vert lagt ned, då dette er ei sertifisering som heng høgt.

Det har også vore eit mål å nå yrkesgrupper som arbeider sekundærforebyggjande. Bjørgvin og Bergen fengsel som tilbyr vidaregåande opplæringsløp for dei innsette, har hatt besøk av fylkeskoordinator. Dette er ei viktig målgruppe, då vi veit at førekost av doping er høg blant dei innsette, samt at tilsette ofte manglar kunnskap rundt korleis dei skal handtera og førebyggje dopingbruk. På den måten kan ein rusta dei innsette til å avstå frå framtidig dopingbruk når dei retunerar til samfunnet.

Det har også vore god samhandling med lokale aktørar som til dømes med Idrettscampus Bergen, kor det var gjennomført ein sofaprat på Litteraturhuset i Bergen i april 2019, med tema kropp og kroppsmisnøye blant ungdom, med god oppslutning frå ulike yrkesgrupper (Link: <https://www.youtube.com/watch?v=FZYkTy5ROvc>).



Anna aktivitet

Samarbeidet har hatt som mål å få kommunar med i det førebyggjande arbeidet, gjennom kommunale samarbeidsavtalar med ADNO. Fylkeskoordinator har derfor gjennomført foredrag for foreldre, elevar og lærarar ved ungdomsskular i Meland og Øygarden. Dette er ei viktig målgruppe, då vi veit at tidleg intervension er viktig i det primære førebyggjande arbeidet. Samstundes har det vore viktig å nå yrkesgrupper som arbeidar på systemnivå i kommunar. Fylkeskoordinator har gjennomført kompetanseheving for folkehelsekontaktar i Hordaland på nettverkssamlinga *erfaringssamling for folkehelsekontaktar i Hordaland*, kor folkehelsekoordinatorar frå ulike kommunar var representert. Når fylkeskoordinator reiser rundt på dei vidaregåande skulane vert også SLT-koordinator lokalt invitert inn for å få eit innblikk i doping som samfunnsproblem. På den måten har kommunar moglegheit til å bruka fylkeskoordinator som ein ressursperson inn mot det førebyggjande arbeidet. På sikt er det ønskjeleg å få kommunar til å inngå samarbeid med ADNO, som ein synergieffekt av det fylkeskommunale samarbeidet *lokal mobilisering mot doping*.

Vegen vidare

Fram mot Vestland Fylke 2020 vil det verta gjennomført pilotføredrag ved tre vidaregåande skular i Sogn og Fjordane våren og hausten 2019. Desse er Sogndal, Firda og Flora vidaregåande, avdeling idrettsfag. Dette er for å gje skulane ein introduksjon til det førebyggjande arbeidet som er lagt ned i Hordaland over fleire år. For å sikra god systematisk førebygging, er ein avhengig av å ha kontinuitet i arbeidet. Skulane i Hordaland uttrykkjer at dei ønsker å få foredra fast inn i sitt årshjul. Det er fylkeskoordinatorar sitt inntrykk at skulane ønskjer kontinuitet, og ser behovet for det i arbeidet som allereie er lagt ned i Hordaland, og som vonleg vert vidareført inn mot Vestland 2020. Samstundes ser ein behovet for å fortsetja å auka kompetansen blant yrkesgrupper som kan møta på problematikken i sitt virke.

Spørsmål om rapporten og arbeidet kan rettast til:

Fylkeskoordinator, Tor Helge Myhre.

Torhelge.myhre@antidoping.no / 90881480.